



Tlaren har godt besøk. No står seniorsurf på programmet.

Planen om å starte seniorsurf i Gamleskulen har kome eit steg vidare. Uskedalen Utvikling har søkt kulturkontoret i kommunen om stønad til tiltaket som skal rusta opp datakunnskapane til dei eldre i bygda, Det er registrert eit behov for dette, men opplæringa skal sjølvsgagt også omfatta andre faste brukarar av Cafe Tlaren

I søknaden vert seniorsurf definert slik: Å la eldre bli trygg på databruk og det å bruka internett.

I første omgang skal det installerast 3 berbare maskinar, prosjektor, ruter og printar.. Installasjonen skal skje på dugnad og samla kostnad er berekna til 20 000 kroner.

Summen er fordelt med 10 000 i tilskot frå kommunen sin pott for stønad til frivillige tiltak, 5000 i eigenkapital og 5000 i dugnad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen